



Kommunedelplan E39 – møte mellom administrasjonen i Alver kommune og Statens vegvesen

**Møte:** Møte mellom Alver kommune og Statens vegvesen

**Tid:** Onsdag 12. januar 2022 kl. 13:00-15:00

**Stad:** Teams

<b>Deltakarar</b>	Frå Statens vegvesen: Kjartan Johan Hove, Gunn Cecilie Omre, Eirik Heggheim Rørvik og Åge Jonn Hillestad  Frå Alver kommune: Ørjan Raknes Fortun, Hogne Haugsdal, Kristin Nåmdal, Arne Eikefet og Marte H. Eriksrud.  Frå Norconsult: Øystein Skofteland
<b>Referent</b>	Marte Hagen Eriksrud

Agenda:

1. Introduksjon ved Alver kommune – om bakgrunn for møte
2. Politisk handlingsrom og fråvikshandsaming av V4 og V100
3. Regulering til vegareal og bandleggingszone-konsekvensar for grunneigarar
4. Metodikken og argumentasjonen bak ikkje-prisette konsekvensar
5. Framdrift og informasjonsbehov i kommunen; både politisk og for innbyggjarar/næringsliv

<b>Sak 1</b>	<b>Introduksjon ved Alver kommune – bakgrunn for møte</b>  To hovudbodskap frå Alver kommune; 1. Prosess, involvering og politisk handlingsrom. 2. Grunnlaget for val av trasé; vegfaglege omsyn versus samfunnsmessige omsyn.
<b>Sak 2</b>	<b>Status prosjektet ved Statens vegvesen</b>  Presentasjon av Gunn Cecilie Omre av pågåande kvalitetssikring. Plankart, føresegner, planskildring skal kvalitetssikrast hos Kontrakt og Marked, utbygging, intern samarbeidsgruppe og eiga mimesak på Ts og Drift- og vedlikehaldsdivisjonen (DoV). KVVU-estimat skal til kvalitetssikring i Vegdirektoratet, økonomi- og virksomhetsstyring (ØKV). Statens vegvesen sin kontakt opp mot departementet, skjer via ØKV. Uvisst kor tid kvalitetssikringa er ferdig.  Har vore endringar i rekkefølge for planprosessar. I det gamle systemet var det opning for å i større grad utarbeide plangrunnlag som ein kunne ha i bakhånd i tilfelle finansieringa skulle kome på plass. I det nye systemet skal eit godkjent KVVU-estimat vere på plass før ein får lov til å starte opp arbeidet med ein kommunedelplan. Ny økonomivurdering skal og gjennomførast før ein får lov til å starte opp arbeidet med detaljregulering. Statens vegvesen vil ikkje kunne sende over planforslaget til kommunen, før eit godkjent KVVU-estimat er på plass.



	<p>Spørsmål frå Alver kommune: Kva ligg i KVV-estimatet? Kva vurdering gjer ein der jamfør V4 og V100? Går ØKV inn og vurderer det grunnlaget som ligg til grunn for tilrådinga til Statens vegvesen?</p> <p>Svar frå Statens vegvesen: Estimatet er ei siling basert på prissette og ikkje-prissette konsekvensar, trafikklysmoell, evaluering/siling av alternativa. Vegdirektoratet vil, av erfaring, føretrekkje alternativ som ikkje har fråvik knytt til seg.</p>
<b>Sak 3</b>	<p><b>Politisk handlingsrom og fråvikshandsaming av V4 og V100</b></p> <p>Alver kommune; kommunen er planmynde og kommunen er opptatt av at det skal vere eit politisk handlingsrom ved handsaming av planen. Stiller spørsmål om tilrådinga i planforslaget støtter opp om mål og føringar som ligg i planprogrammet? Særleg knytt til dei samfunnsmessige behov/mål/vurderingar. Kan Statens vegvesen sei noko om kva som skjer om ein politisk vil gjere andre val enn det som er tilrådd (gjeld V-strekninga)?</p> <p>Norconsult; alle alternativ som er utgreia er mogleg å vedta, fordi dei er utgreia på same nivå og KU er gjennomført. Planskildringa inneheld informasjon om konsekvensen av å fatte vedtak på andre alternativ enn det som tilrådd. Tar gjerne imot innspel på utbetringar av planskildringa for å gjere den meir forståeleg. Planskildringa per i dag opnar og opp for at V4 og V100 kan tas med i innleiande vurdering ved detaljplanlegging, for å få avklart fråvik som er knytt til desse to alternativa.</p> <p>Statens vegvesen; ved oversending av planforslaget vil Statens vegvesen tilrå eit alternativ. For strekning vest, vil vi tilrå V3, som ikkje har fråvik. For strekning midt, er det ikkje fråvik til nokon av dei fire alternativa, slik at her vil det kunne vere eit større politisk handlingsrom til å eventuelt gjere andre val. Per no vil Statens vegvesen tilrå M2. Tilrådinga kan endre seg etter kvalitetssikring hos ØKV. Dette var tilfelle i KDP Arna-Vågseidet-Klauvaneset, kor Statens vegvesen la fram eit alternativ som ikkje var i tråd med tilrådinga frå ØKV. Statens vegvesen måtte endre sin tilråding til å samanfatte med ØKV.</p> <p>Alver kommune; ber om meir grundig argumentasjon for kvifor fråvik for V4 og V100 ikkje kan avklarast på kommunedelplannivå. Grunngevinga i planrapporten er ikkje grundig nok, og det er behov for at Statens vegvesen gjev meir informasjon, slik at det er lettare å forstå bakgrunnen for konklusjonen.</p> <p>Statens vegvesen; For V4 så er det geologiske og geografiske omsyn (dalbotn, overdekning, berggeologi) som gjer at det er usikkert om på- og avkøyringsrampe til tunnel er mogleg å bygge. Det er behov for omfattande geologiske undersøkingar for å få avklart dette fråviket. Det er derfor mest naturleg å ta det i detaljregulering.</p> <p>Alver kommune; Statens vegvesen seier at ein ikkje vil kunne starte opp detaljregulering før finansiering er på plass. Korleis kan ein likevel sikre at ein vil kunne få vurdert fråvik på</p>



	<p>V4 og V100, når detaljplan er kopla til finansiering? Kan vi legge inn krav om at V4 og V100 og kan utgreiast på detaljplanlegging?</p> <p>Statens vegvesen: detaljplanlegging er avhengig av vedtak om planmidlar til prosjektet. Kommunedelplanen er ein arealdisponeringsplan, og eksakt linjeval er eit opent spørsmål, og vil først avklarast gjennom detaljregulering.</p> <p>Norconsult: V3 er primært tilrådd fordi den kjem best ut, etter ei samla vurdering av både prissette og ikkje-prissette konsekvensar. I tillegg er fordelene med etappevis utbygging lagt vekt på. Kommunen kan ha ulikt syn på dei vurderingane som ligg til grunn. Vektlegginga av etappevis utbygging er forankra i planprogrammet, under kap. 2 mål med prosjektet.</p> <p>Alver kommune; stiller spørsmål om kvifor dei negative konsekvensane av V3 ikkje i større grad er lagt vekt på; større resttrafikk gjennom Knarvik sentrum (inkludert tungtrafikk, bandlegging av areal i Gjervik, og handlingsrommet for å få etablert ei gang- og sykkeltilbod ved Munnalsberg tunnelen.</p>
<p><b>Sak 4</b></p>	<p><b>Regulering til vegareal og båndleggingssone – konsekvensar for grunneigarar</b></p> <p>Statens vegvesen delte skjermbilete frå Arcgis med nytt plankart.</p> <p>Norconsult: Føremålet med plankartet er å sette av areal i kommunedelplanen som reguleringsplanen skal legge seg innafor. Statens vegvesen ønskjer å sikre seg areal for å unngå at det byggast fordyrande element innanfor avsatt areal i tida fram til detaljregulering og realisering. Tradisjonelt har ein avsatt ei båndleggingssone i påvente av vedtak av reguleringsplanen. Ei slik sone har ei tidsavgrensning på 4 år, med opning for å søke om forlenging i ytterlegare 4 år. Bakgrunnen for tidsavgrensinga er å sikre at båndlegginga har ei tidsavgrensning og at ein skal kunne pårekne at reguleringsplan vert utarbeida innan rimeleg tid. Statens vegvesen har i dette prosjektet behov for å sikre areal utan den form for avgrensing i tid.</p> <p>Alternativ kan ein fastsette ei byggegrense etter plan- og bygningsloven, kor ein ikkje kan sette opp søknadspiktige tiltak innanfor byggegrensa. Byggegrensa kan fastsettast som ei juridisk linje med ein gitt avstand til senterlinja, eller ved å teikne ei linje i kartet. Sosistandarden på ei slik byggegrense er ei grå linje som ikkje er godt synleg.</p> <p>I planforslaget per no er det lagt inn vegareal vest for Munnalsberg tunnelen og byggegrense aust for Munnalsberg tunnelen. Konsekvensen for grunneigarar er relativt lik. Bruk av vegareal er meir inngripande enn bruk av båndleggingssone. Båndleggingssone opnar for skjønsmessig vurdering. Kompensasjonen er at vegarealet som er lagt inn er mindre enn det arealet som ville vært omfatta ved bruk av båndleggingssone. Mao at færre eigedomar vert berørt.</p> <p>Statens vegvesen: Kontrakt og marknad som har ønskja at det vert regulert til vegareal. Merk at plankartet skal kvalitetssikrast, og det kan kome endringar.</p>



	<p>Alver kommune: Viktig at planforslaget gjer grundig greie for kvifor ein har valt regulering til vegareal og kva dei juridiske konsekvensane er. Til dømes; korleis vert reglande for innløyising ++. Kommunen vil måtte ha ei grundig drøfting av korleis vi stiller oss til dette valet, når planforslaget er sendt over til kommunen.</p> <p>Norconsult: krav om innløyising slår normalt inn ved detaljregulering, men det finns unntak på ubebygd eigedom som blir avsatt til vegareal, på visse vilkår. Veldig sjeldan at dette vert brukt. Det skal utarbeidast eit frittstående notat som vedlegg til planforslaget som skal gjere greie for bakgrunn for val, og konsekvensar for berørte eigedomar.</p> <p>Alver kommune; Kva gjeld i tunnelsonene?</p> <p>Norconsult; I tunnelsonene er det ei bestemmelsessone som gjeld tiltak i grunnen. Utforminga her skal sikre at ein unngår til dømes energibrønn og tiltak som kan gje utfordringar inn i tunnelsonen.</p> <p>Alver kommune: kva handlingsrom har kommunen til å velgje andre løysingar enn det om vert tilrådd med vegareal i plankartet? Viktig at Statens vegvesen førebur informasjon om kva handlingsrommet kommunen har til å eventuelt meine noko om dette valet. Viktig med dette notatet slik at ein er godt førebudd til å kunne svare ut spørsmål frå politikarar og andre knytt til konsekvensar for berørte eigedomar.</p> <p>Statens vegvesen: Samd i behov for gode førebuingar. Kommunen har og ei viktig rolle i å avklare kva regler som ligg i lovgrunnet. Felles oppgåve å førebu oss godt.</p> <p>Alver kommune: Notat om grunngjeving og konsekvensar av vegareal versus båndleggingssone bør utarbeidast slik at det kan drøftast i forkant av formell oversending av planforslaget.</p>
<p><b>Sak 5</b></p>	<p><b>Metodikk og argumentasjon bak ikkje-prissatte konsekvensar</b></p> <p>Alver kommune: viktig at argumentasjon og presentasjon av metode og vurderingar som ligg til grunn for rangering av dei ulike alternativa er tydeleg og godt gjort greie for.</p> <p>Norconsult: Statens vegvesen tilrår p.t. alternativ M2. Ingen av M-alternativa har fråvik knytt til seg, og planforslaget opnar slik sett for at kommunen kan vedta alle dei fire M-alternativa. Her er det politisk handlingsrom. Det er relativt små forskjellar mellom M-alternativa. Bakgrunnen for at M2 er vektta meir positivt, er at M1 forsterkar barriereeffekten av dagens E39 med toplanskryss ++ og at M1 er vurdert til å ha større negativ konsekvens for kulturarv/kulturlandskap. I denne vurderinga har dei ikkje-prissatte konsekvensane fått ein forrang. For alle M-alternativa er tiltaket endra frå 4-feltsveg til 2-feltsveg sidan forslaget våren 2021.</p> <p>Alver kommune: Vanskeleg å forstå forskjellen mellom «stor», «middels» og «liten» konsekvens.</p> <p>Norconsult: Vanskeleg å lage ei pedagogisk god planskildring. Det er ei avveining mellom omfang av planrapporten, og det å gjere greie for den metoden som ligg til grunn. Det</p>



	<p>skal jobbast med å forbetre planrapporten på dette punktet. Vi skal vurdere å løfte fram meir av metodikken til hovuddokumentet.</p>
<b>Sak 6</b>	<p><b>Framdrift og informasjonsbehov i kommunen</b></p> <p>Statens vegvesen: Oversending til kommunen første kvartal 2022 er nok for optimistisk. Er fastsatt planforum 26. april og den offisiell oversendinga til kommunen kan truleg bli rundt dette tidspunktet.</p> <p>Orientering i utval for areal, plan og miljø 19. januar. Ikkje avklart om det er fysisk møte eller om møte vil vere på teams. Viss møte er fysisk vert orienteringa truleg ca kl. 11. Viss møtet vert digitalt kan orienteringa tas kl. 9. Avsatt 1 time til orienteringa. Omre og Skofteland stiller. Må vere tydeleg i presentasjon på dei endringane som har skjedd sidan sist utvalet fekk ei orientering om planarbeidet. Viktig å gi god informasjon om kvifor vi er der vi er.</p> <p>Norconsult: Vil ikkje den 19. januar kunne gå for langt inn på kva som er tilrådingane no, i og med at planforslaget er til intern kvalitetssikring. Informasjonen må kople seg til det prinsipielle. Kva er vurdert og kva er status for dei ulike alternativa. Må få fram kommunikasjon om prosessen som har vært sidan sist.</p> <p>Alver kommune: vil nok kome spørsmål om realisering av Gymnasbaketunnelen.</p> <p>Alver kommune: vil kunne vere behov for eit nytt møte i denne gruppa, og kanskje og med politisk leiing. Må vurdere dette etter orienteringa i APM 19. jan. Kan være nyttig med nytt møte når avklaringane frå ØKV er på plass, og før formell oversending av planforslaget til kommunen. Eit slikt møte kan og vere aktuelt og nyttig i forkant av planforum i april.</p>